

Fra: Endre Korsøen (Endre.Korsoen@hfk.no)

Sendt: 28.04.2016 08:33:06

Til: Snorre Waage; Siri Hanson

Kopi: Sølve Dag Sondbø; Eva Katrine Ritland Taule; Vibeke Saure Lokøy; Trond Olav Wahl

Emne: SV: KDP Sjø- og strandsone Osterøy

Vedlegg: image001.png

Ytterlegare kommentar til framlegget frå kommunen om auka areal til Akvakultur ved lokalitet Skaftå med krav om at det ikkje skal vera utslepp av organiske partiklar til sjø. Området ved Blom vert da tatt bort.

Eit slikt vedtak vil ikkje vera framtidsretta og verksemda kan ikkje samla produksjonen på lokalitet Skaftå, eller gjera endringar på anleggsmidlane som vil betra tilhøva på lokalitet Blom og Skaftå. Årsaken er at dagens teknologi ikkje tillèt å gjera slike endringar som kommunen føreslår og Sjøtroll Havbruk AS kan derfor ikkje gjera seg nytte av ei slik auke i areal på Skaftå og må dermed fortsette drifta på dei to nemnde lokalitetane som i dag.

Verksemda har kome med innspel om utvida areal ved Blom og Skaftå for å kunne driva ein meir berekraftig produksjon ved å gå over frå stålanlegg til ringar. Dette vil føre til at produksjonen av fisk føregår over eit større område/areal, slik at det vert betre vassgjennomstrøyming i nøtene og betre miljøforhold på botn. Vi er og kjent med at verksemda er innstilt på å teste ut løysningar for oppsamling av slam men at dette er ikkje mulig å gjennomføre i stålanlegga som er i bruk i dag. Det er dermed avgjerande å få skifta ut stålanlegg til ringer på Skaftå og Blom for å få testa ut dette. Tiltak som dermed kan betre miljøforhold på botn kan dermed ikkje bli gjennomført på grunn av avgrensingar i kommuneplanen og slik vil kommuneplanen virke mot sin hensikt for desse to lokalitetane.

Endre Korsøen

Seniorrådgjevar – Havbruk

Hordaland fylkeskommune

Telefon 917 64 632 / 55 23 91 04

Fra: Snorre Waage

Sendt: 27. april 2016 15:41

Til: Endre Korsøen; Siri Hanson

Kopi: Sølve Dag Sondbø; Eva Katrine Ritland Taule

Emne: KDP Sjø- og strandsone Osterøy

Hei,

Vi ser av kalenderen at Bård har avtale og er ute fra kl 11:00 i morgon. Vi må difor ha ferdigstilt saken for oversending til Bård seinast kl 10:30 i morgon tidleg. Vi hadde difor sett pris på om de kjem med innspel jf. avtale i dagens møte innan kl 09:30 i morgon.

Venleg helsing

Snorre Waage

spesialrådgjevar

regionalavdelinga | planseksjonen



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

snorre.waage@hfk.no / www.hordaland.no/plan



tenk på miljøet